


NÅR LIVET VERT SÅRBART OG DET EKSISTENSIELLE TRER FRAM - ei forteljing om Knut som kjem på sjukehus



Tove Giske, førsteamanuensis Haraldsplass diakonale høgskole. Tove er autorisert sjukepleiar og har erfaring frå medisinsk avdeling.

Ho har vore tilsett Haraldsplass diakonale høgskole sidan 1985. Ho har undervist om, forska på og publisert innan åndelig omsorg i mange år. Tove har i mange år vore engasjert i Nurses Christian Fellowship International og har dei siste 6 åra vore visepresident.

INNLEIING

Denne artikkelen er bygd rundt ei eksempelforteljing som godt kunne hendt på ditt lokale sjukehus. Forteljinga er om Knut som måtte innleggast på sjukehus til behandling for ein alvorleg lungebetennelse. Forteljinga har ei form som vert mykje brukt av prestar som tek vidareutdanning i sjelesorg. Ved å bruke dette oppsettet vert sjukepleiaren sine tankar, vurderingar og val i samtalen tydeleggjort og oppsettet kan tene som eit hjelpemiddel til å verte meir bevisste på kva som skjer i den indre samtalen hos oss i møte med pasientar.

Artikkelen presenterer ein mal som vi håper at leserane av Tidsskrift for fag og tro kan anvende i internundervisning, studie- eller refleksjon-

sgrupper. Forteljinga, slik den er skriven her, kan brukast til undervisning av studentar eller til internundervisning på sjukehus. Forteljinga kan bytast ut med andre forteljingar som passar inn i heimesjukepleien, på sjukeheim eller på legevakt.

På slutten av artikkelen er det satt opp ein del spørsmål til refleksjon og ettertanke. Håpet er at dei kan hjelpe lesaren til å bli betre kjend med seg sjølv, eigen verdiar og fagleg forståing og såleis verte meir bevisst på i kva grad du tenker at åndeleg omsorg er ein integret del av sjukepleiepraksis.

1. BAKGRUNN OG KJENTE FAKTA

Knut på 83 år vart innlagt på sjukehuset med pneumoni og forverra hjertesvikt for 10 dagar sidan. Han kjende seg i svært dårleg forfatning og strevde med å puste då han vart innlagd. Knut bur «på landet» saman med kona sin og har heimesjukepleie to ganger pr veke. På sjukehuset er han blitt behandla med antibiotika og lungefysio og er no i stand til å stelle seg sjølv med hjelp. Han klarer å sitte litt oppe i ein stol ved senga, heile tida kobra til O2. Spyttkrus og cellostoffer er aldri langt unna. Han ligg på eit 3-sengsrom. Knut er snart

klar til å bli utskriven tilbake til heimen.

2. FØREBUING OG PLANAR

Den som skriv ut tankar og refleksjonar i kolonnen til høgre er i avdelinga fordi ho skal ha «stelledag» med to studentar som har ansvaret for dette rommet i tre dagar. Læraren har fått rapport om desse tre pasientane dagen før, så ho kjenner diagnose og behandlingsopplegg samt litt til den sosiale situasjonen til pasientane.

Læraren kjem kl 07.00 om morgonen og er med på rapport og det som skjer i stell og oppfølging av alle tre pasientane. Hovudfokuset hennar er på studentane si læring. Ho presenterer seg som lærar når ho kjem inn på rommet om morgonen saman med studentane, og forklarar at ho berre skal vere her denne dagen saman med studentane.

Dei to studentane set i er i gang med morgonstellet til alle tre pasientane, og planen er at lærar går til og frå for å få best mogleg oversikt over korleis studentane følgjer opp pasientane sine.

Undervegs i morgonstellet er det noko ved Knut som trekker på merksemda til læraren.

3. SAMTALEN

	Samtale	Indre refleksjon/dialog
L1		<p>Under stellet i seng, ser eg at det renner tårer nedover Knut sine kinn, men han smiler...</p> <p>Hmm, kva er dette? Tette tårekanalar? Eller ligg det noko meir bak? Han verkar sørgmodig... Eg har jo tatt ei fagleg avgjerd om at, så sant det er mogeleg, skal eg undersøke kva som ligg bak når eg får den uklare kjensla... Eg undrar? Har studentane lagt merke til noko? Eg vel å utforske kjensla litt meir, men må «berede grunnen» litt fyrst.</p>
L2	Vent litt – kan eg få avbryte litt? Er det greitt at eg kan spørje Knut om noko?	<p>Eg vel å vende meg til studentane for å gjere dei merksame på at her kan det vere noko viktig som kan tre fram.</p> <p>Eg vel å vere ein rollemodell for studentane, for eg opplever at dei ikkje heilt fangar opp det eg sjølv kjenner på.</p>
Stud 1		Nikkar!
L3	Knut, eg ser at du smiler, men det renn tårer nedover kinna dine....	Eg vel å beskrive det eg ser, og sjå kva som skjer.
K1	Eg smiler alltid – eg har lært meg det. Men inni meg græt eg heile tida.	Eg opplever Knut opnar opp for noko, men eg veit enda ikkje kva det handlar om. Eg dristar meg til å utforske litt vidare, men merker eg må gå varsamt fram.
L4	Knut, kan eg få lov å spørje deg litt meir om dette?	Kjenner eg konsentrerer meg for å vere oppmerksamt tilstades overfor Knut.
K2	Ja, det er greitt,	
L5	Vil du fortelje litt meir om korleis det er å vere deg akkurat no?	Eg prøver meg fram og håpar spørsmålet er opent nok for henne til å velje vegen vidare.
K3	Eg har ein stor klump inni meg som ligg og tynger.	<p>Han ser på meg. Tårene forset å renne nedover kinna.</p> <p>Eg tek handa hans for å signalisere at eg lyttar oppmerksamt og ser at han er sårbar. Han tek imot handa mi og eg set meg ned. Vil visa at eg tar meg tid.</p>
K4	<p>Eg vaks opp i ein kristen familie, men far min var så streng og behandla oss dårleg. Derfor har eg ikkje hatt noko med kristendommen å gjere sidan eg var ung. Eg gifta meg og fekk born, men dei har eg lite kontakt med no.</p> <p>For nokre år sidan flytta vi frå byen til utpå landet her. Fordi eg har vorte så sjuk kjem eg meg ikkje ut og har ikkje kontakt</p>	<p>Eg lyttar og anar ei djup smerte hjå han.</p> <p>Eg lyttar og kjenner meg berørt av det han fortel. Kjenner meg litt makteslaus! Kva no? Har eg noko å bidra meir med her, anna enn eit oppmerksamt nærvær? Eg anar ei slags eksistensiell smerte, men kva? Etter litt stille legg eg merke til studentane som også</p>

	<p>med nokon andre enn heimesjukepleien som kjem til oss to gonger i veka.</p> <p>Eg har ikkje fortalt nokon om korleis eg hadde det i oppveksten, så kona mi veit ikkje noko om dette eller korleis eg har det no.</p>	<p>ser ut til å lytte oppmerksamt, og merksemda mi går litt over til dei. Kva skjer i dei no?!</p>
K5	<p>Eg har klart å holde på denne uroen i mange år, men no er denne smerten inni i meg blitt så stor at eg ikkje klarer å bere den lenger!</p> <p>I ambulansen på veg til sjukehuset bad eg til Gud om at eg måtte få komme på til dette sjukehuset og at eg måtte få hjelp, for det er blitt heilt u-utholdeleg for meg.</p>	<p>Eg undrar meg over at han har vore her i 10 dagar utan å finne nokon å snakke med dette om!</p> <p>Hmm, kva seier eg no?</p> <p>Han seier at han har ein kristen bakgrunn, men har tatt avstand frå det, men at han bad til Gud i ambulansen. Eg treng å vite meir om dette før vi kan snakke om korleis han kan få oppfølging.</p> <p>Kva og kven har vore viktig for han gjennom livet? Kven henvender han seg til når han treng hjelp?</p>
L6	<p>Knut, du seier at du vaks opp i ein kristen heim, men at du har tatt avstand frå alt det. Har du noko tru som er til hjelp for deg no?</p>	<p>Det blir stille.....</p> <p>Eg ser på ansiktet hans at han tenkjer.....</p>
K6	<p>Ja, eg har tatt avstand frå alt, men fleire gonger i livet mitt har eg erfart at Gud har vore nær og konkret hjelpt meg.</p> <p>Og eg har eit lite håp om at det kan skje igjen....</p>	<p>Eg lyttar til det han seier og registrerer at han beskriv ein gudsrelasjon og erfaring av eit gudsnærvær i livet.</p> <p>Samtalen har tatt ca 10 minuttar, og vi er midt i morgonstellet. Vi må avrunda og gå vidare til dei andre pasientane på rommet! Eg tenkjer mitt fokus skulle vere på studentane i dag og eg veit at eg berre har høve til å vere her i dag! Pasienten har vore svært open om si smerte og eg føler han treng noko meir oppfølging enn eg og studentane kan bidra med her og no!</p> <p>Eg vel å spørje om sjukehuspresten kan vere ein aktuell samtalepartner for han vidare i opphaldet.</p>
L7	<p>Knut, eg synest det er modig av deg å opne opp for fortellinga di og dele det som er vanskeleg for deg. No er det sånn at eg berre er her i dag, og du vil snart bli utskriven sidan du har hatt så god hjelp av behandlinga. Det høyrer og viktig ut at du har fått fortalt deler av historia di og eg vil foreslå at du kan få snakka meir om dette med ein kompetent person her hjå oss. Mi erfaring er at sjukehusprestane våre er erfarne og gode samtalepartnarar, og eg formidlar gjerne kontakt med ein av prestane dersom det kunne være aktuelt for deg!</p>	<p>Eg prøver å forberede han på at andre faggrupper på sjukehuset kan bidra og vel å introdusere sjukehusprestens kompetanse til å gå vidare saman med henne, dersom han vil.</p>
K7	<p>Ja, det er er sikkert greitt, det kan du gjere.</p>	<p>I og med at eg veit at eg sjølv ikkje vil ha høve til å følge opp, kjenner eg på lette over at han kan tenkje seg oppfølging av sjukehuspresten.</p>
L8	<p>Det er godt. Eg tar kontakt med han med ein gang så han kan komme til deg alt i dag.</p>	<p>Då har eg fått sikra at nokon følgjer han opp og eg har full tillit til at sjukehuspresten vil kunne hjelpe han på best mogeleg måte.</p>

4. PROSESS OG REFLEKSJON

- a. Kva trur du egentleg skjedd under samtalen med pasienten?
- b. Korleis trur du at pasienten opplevde samtalen?
- c. Kva trur du var læraren sine følelsar og reaksjonar under samtalen?
- d. Korleis var det å vere student trur du?

5. FAGLEG OG TEO-RETISK REFLEKSJON

- a. Er slike samtalar del av pleiepersonalet sitt ansvar?
- b. Korleis tenkjer du at dei livsspørsmåla som Knut slit med er relatert til helse?
- c. Kven er ressurspersonar du kan samarbeide med og vise til om du kjem opp i situasjonar som tar for mykje tid eller er for utfordrande for deg?

6. VEILEDNINGSBEHOV

- a. Har du behov for meir opplæring/rettleiing i slike situasjonar?
- b. Kva kunne vere til hjelp for deg til å bli dyktigare på dette?

SAMARBEIDSRÅDET FOR TROS- OG LIVSSYNSSAMFUNN

Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (STL) er en paraplyorganisasjon for 14 ulike tros- og livssynssamfunn, eller sammenslutninger av disse. STL arbeider for likebehandling av tros- og livssynssamfunn i Norge. De arbeider også for å fremme gjensidig respekt og forståelse mellom tros- og livssynssamfunn blant annet ved å diskutere sosiale og etiske spørsmål med utgangspunkt i våre tros- og livssynstradisjoner. STL har siden opprettelsen i 1996 spilt en

viktig rolle som brobygger mellom tros- og livssynssamfunn og sørget for en bevisstgjøring omkring religions- og livssynspolitiske utfordringer og dilemmaer i Norge.

Følg arbeidet deres på: <http://www.trooglivssyn.no/>

Her er en god nyheter som TFT sine lesere bør kjenne til: Gir ut film om tros- og livssynspraksis i helsetjenesten

Borg bispedømmeråd, Kirkerådet for Den norske kirke og Fylkesmannen i Oslo og Akershus ga nylig ut en informasjonsfilm, hvor også STLs Anne Sender bidro. Hovedbudskapet i filmen er at alle som mottar helse- og omsorgstjenester har rett til å utøve sin tro eller livssyn – alene og i fellesskap med andre. Du kan se filmen i sin helhet på <https://www.youtube.com/watch?v=2lVu871NXk0>, eller lese om filmen her: <http://trooglivssyn.no/index.cfm?id=422909>